

VEKEPLAN 1.trinn Veke: 8

Ansvarselevar:

1A: Andrea og Ieva

1B: Alfred og Ada

Kontaktlærer:	E-mail:
1A Ina Forland	Ina.forland@austrvoll.kommune.no
1B Kjersti Mæland	Kjersti.meland@austrvoll.kommune.no
Administrasjon 55081321 Skulen si heimeside: www.minskule.no/storebo	



Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.10-09.40	Samlingsstund/ Leik	Stasjonar Symjing 1B	Samlingsstund/ Leik	Samlingsstund/ Leik	Karneval 
09.40-10.05	Friminutt				
10.05 -11.35	Matte	Matte 1B Gym 1A	Tur frå kl.10 	Engelsk	Musikk
11.00-11.35	Mat	Mat		Mat	Mat
11.35- 12.00					
12.00-12.45	Stasjonar	Arbeidsøkt		Zippy/ biblioteket	SKULEDAGEN AVSLUTTES 11.35
	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45		SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	



Info til heimen



Hei og hopp, leseveka var TOPP! På 1. trinn har vi hatt fokus på krim under leseveka. Vi har blant anna lest i bøker frå forfattaren Jørn Lier Horst, lesestunder på biblioteket, lesekvart og høgtlesing for kvarandre.

Tusen for eit godt foreldremøte. Referat blir sendt i visma.

1B skal ha symjing på tysdag og må ha med seg badeklede, handkle, badehette og såpe.

1A skal ha gym i midøkta, og må ha med seg innesko eller antiskli-sokkar i midtøkta tysdag.

Denne veke byrjar vi i Salto 1B- lesebok. Dei som ikkje leverte Salto 1a inn på fredag, må levere denne inn på måndag.

Denne veka blir det tur på onsdag. Ta med godt med mat og drikke og kle barnet etter vêret. Hugs at alle elevane må ha med seg vatnflaske i sekken kvar dag.

På **fredag** er det karneval med fadrane våre. Då kan elevane komma på skulen med kostyme på. Det går også an å låne kostymer hos SFO. Elevane har laga eigne karneval-masker. Dette blir gøy!



GOD VINTERFERIE! Sjøast igjen måndag 2.mars kl.8.10

Helsing Kjersti og Ina



Vekas mål

- Eg kan lese ei bok og fortelje kva boka handlar om.
- Eg kan fortelje og skrive om **årstida vinter**.
- Eg kan lage ei **rekneforteljing**.
- Eg veit kva vi meiner med **addisjon og subtraksjon**.
- Eg kan skrive og gjenkjenne bokstavane i alfabetet.
- Eg kan skrive tala opp til ti og gjenkjenne tal og mengde opp til 20.
- Eg veit kva tal som blir ti til saman- **tiarvenene**.
- Eg veit kva vi meiner med **halvparten** og det **dobbelte**.

	Vekas tal
	Eg kan tiarvenene: $1 + 9 = 10$ $2 + 8 = 10$ $3 + 7 = 10$ $4 + 6 = 10$ $5 + 5 = 10$ 

Heimelekse

Vekelekse i matematikk: Jobb med mattearket i løpet av veka. Baksida er valfri.

Måndag og tysdag

Jobb med lekseark 1 og les side 8 og 9 i Salto 1B Leseboka.

Onsdag og torsdag

Jobb med lekseark 2 og les side 10 og 11 i Salto 1B Leseboka.

Hugs å lese litt heime kvar dag!

Leksemappa og leseboka skal alltid liggje i sekken.

Vi samlar inn leksene på fredagen

